

# Kyrkjeblad

*for Vestre Slidre*



Flammande nordlys over Tuvmarkstølen på Nøsen februar 2023.



Foto: Jarle Kvam

Nordlyset tenner en flamme for fred  
Du er den venn jeg vil dele den med  
Når din verden blir min  
og min blir din

Gi meg glede når vi er sammen  
Lån meg din hånd når jeg går meg vill  
Hvis jeg fryser gir du meg varme  
I din nærhet hører jeg til

Se ilden lyse over jord,  
se jorden bli en stjerne fager og stor,  
som en snekrystall mot himlens blå,  
svever den drømmen vi lever på.

*Jan Vincent Johannesen*



# Kristus er her, fordi vi er her!

Kvinnene fann grava tom. Dei fann ikkje Jesu kropp, står det. Kor var han eigentleg, den oppstandne? Det funderte dei også på, kvinnene ved grava.

Det skjedde noko. To framande spør: «Korfor leiter de etter den levande mellom dei daude?»

Spørsmålet må ha vekt noko i dei. «Da hugsa dei orda hans», står det. Det minna dei om det Jesus hadde sagt før han døydde. Ja, dei hugsa ikkje berre orda hans. Orda sette dei i rørsle. Dei gjekk, dei sprang og dei fortalde det til alle dei andre.

Undervegs møtte dei han også, den oppstandne Jesus Kristus. Dei kjende han ikkje att med det same. Hadde vanskeleg for å tru at det kunne vere han. Men han synte seg for dei på vegen. Når han snakka med dei, og gjekk saman med dei eit stykke. Når han delte brød og vin ved bordet. Når han ropa oppmuntrande til dei på ein dårleg arbeidsdag etter timar med slit på sjøen, utan ein einaste fisk i garnet. Det var hendingar der dei kjende han att. Kjende att Guds kjærleik og nåde i det kvardagslege livet.

Der Jesus plutselig var midt iblant dei, fysisk, konkret, som eit anna medmenneske. Som gav tru, håp og kjærleik i dei og blant dei og gjennom dei. Ja, som sette dei i rørsle til andre.

Tru på oppstoda set menneske i rørsle. Fyrst kvinnene ved grava. Så dei andre disiplane. Deretter kyrkja og menneska over heile verda. Tru på oppstoda er drivkraft til liv. Den er heilt grunnleggande, ikkje berre i kyrkjens liv, men i verdas liv.

Tru på oppstoda vart til rørsle, og rørsle vart til ei kyrkje – og til liv for mange. Å ja, kyrkja kunne trø feil, gjere menneske urett, svikte Gud. Men den ber også tru til trøyst, håp og handling. Som utbrot rører seg utover, til utkanten. Til verda.

Jesus er ikkje i grava. Han har stått opp. Han er her, fordi vi er her.

*Ole Kristian Bonden*  
BISKOP I HAMAR

## Konfirmantar i Vestre Slidre 2023

### Slidredomen, laur 27/5 kl 11.00

Hilde Hippe Bergheim  
Håkon Hippe Bergheim  
Maia Bunde  
Anna Dalbø  
Kristine Sunnbotten Hovland  
Håvard Kirkeengen  
Marius Kjøs  
Ola Kvamme Nygard  
Maja Aurora Solheim

### Lomen, laurdag 27/5 kl 13.00

Dovidas Jonusas  
Mats Hålien  
Emil Hovi  
Vibeke Holten Riste  
Tuva Solsten

### Røn søndag 28/5 kl 11.00

Haldor Fauske Jørstad  
Magnus Lauvhaug  
Eskil Lisjordet  
Eirik Røang Skogheim  
Ådne Sørensen  
Oliver Øen Tvenge

## Guiding i sumar:

### Slidredomen

onsdag og laurdag kl. 11–17  
frå 28/6 – 20/8

### Lomen stavkyrkje

torsdag – søndag kl. 11–17  
frå 22/6 – 20/8

## Andakter/ messer på sjukeheimen

Mandag	10. april (2. påskedag)	kl. 11.00
Fredag	5. mai	kl. 11.00
Mandag	29. mai (2. pinsedag)	kl. 11.00
Torsdag	15. juni	kl. 11.00
Fredag	21. juli	kl. 11.00

# Solen, påskesymbol – i øst stiger solen opp

Jeg har mang en gang denne vinteren gledet meg over de vakre soloppgangene her i Vestre Slidre. Fjellene, de majestetisk i nord-vest, får sitt rødrosa skjær før dalsiden i vest – og fjellene – bader på nytt i det gulvarme sollyset. Tar du med deg kompasset til kirkene og sjekker vil du se at både Slidredomen og Røn kyrkje er orientert mot øst med kirkens kor. Den yngste, Lomenkyrkja er rettet mot sørøst. Og mange av gravene på kirkegårdene er også orientert øst-vest.

Sollyset og retningen mot øst er begge streke symboler på påskemysteriets dype innhold og mening.

For påskens glade buskap og mening er at lyset, symbolet på Gud, nyskaperkrefter og livets kilde er i vårt mørke og til syvende og sist seirer over det og alt mørket er et symbol på. Den oppadstigende sola er symbol på allkjærligheten Kristus avslører i sitt liv, sin død og oppstandelse fra de døde. I påskens drama blir våre og verdens historie til alle tider avslørt. Men dette vårt drama der Jesus, Guds hjerte blant oss, i møte med feighet, uforstand, hat, svik og justismord, ender ikke med langfredagens mørke smerte og død. I korsdøden avsløres Guds vesen, grenseløs inn i døden elskede kjærlighet. Også i døden er Gud. Og der i tilværelsens og våre livs nullpunkt vender Gud død til liv. Etter langfredagen følger den totalt overrumplende påskemorgen. Gud nyskaper igjen og vi får del i Guds skaperkrefter som gir liv, forsoning, nye muligheter. Nåden gitt oss alle: «Slik som jeg har elsker dere» – understreker Jesus, -og fortsetter med utfordringen: «skal dere elske hverandre».

## Gravplassen blir til paradishagen

Gravlunden, de dodes sted, der Jesus ble gravlagt langfredag, bader i morgensola påskemorgen og blir til paradishagen vi kjenner fra Bibelens første side da Gud skaper og sier at alt er overmåte godt. Døden er ikke det siste ordet i våre liv. Det har derimot allkjærligheten. Jovisst herjer døden, hatet og uforstanden. Men påsketroen «ser bakenfor». Jesu dramatiske vandring fra død til liv omslutter våre liv. Troen på Jesu oppstandelse gir håp og livstillit, tross alt, mens vårt nattemørke kjemper mot morgengry og den oppadstigende sola.

Derfor var det vanlig tidligere alltid å begrave våre døde slik at deres ansikter var vendt mot den oppadstigende sola, mot øst, som også ble symbolet på himmelen, godhet hos Gud, på Guds framtid bakom og på andre siden av dødens grense. Og derfor ble også koret i kirkene vendt mot oppstandelsen, mot soloppgangen. Kirkas arkitektur beskrev livet og livsdramaet i Guds verden. I gamle dager var døpefonten ofte bak i hovedskipet. Veien fram mot koret ble på denne måten et bilde på vår livsvei, med alt våre liv byr på. Og i dødens øyeblikk, med den døde i kista framme i kirka er livsvandringen nesten over. Det som gjenstår er vandringen inn i Guds framtid. Koret vendt mot den oppadstigende sol minner oss om dette.

## Påskevandringen som starter i mørket

Salmedikteren Thomas Kingo proklamerer i sin over 300 år gamle påskesalme (190 i salmeboka):

*Som den gyldne sol frembryter gjennom den kullsorte sky  
og sin stråleglans utskytter, så at natt og mulm må fly,  
så min Jesus av sin grav og det dype dødens hav  
oppstod ærefull av døde imot påskemorgen røde.*

Kanskje det derfor tilbake i tiden var tradisjon mange steder i

vårt land at bygdefolket, mens de ennå var mørkt, tidlig påskedagsmorgen, gikk opp i dalens vestsida. De gikk i forventning for å møte den oppadstigende sola som med sine stråler snart ville lyse opp sårbarvakre ansikter, en kjent og kjær dal med sine åkrer, skoger og gårder. De gikk opp for å møte sola som gir varme, lys og håp om atter en ny dag full av livskrefter og livsmuligheter. Påskemorgensola i øst vitner om Gud i Kristus som både er i mørket – våre langfredagserfaringer – så vel som i påskemorgens solfylte lys og liv.

## Håpstango og morgenrøden

Jovisst herjer døden, hatet og uforstanden i og rundt oss. Fra Argentina har vi fått en fantastisk salme (479 i samleboka). Den er skrevet i 1979 under militærdiktaturet, av metodistpresten Fedrico Jose Pagura. Salmen handler om håp og oppstandelstro gjennom vanskelige tider. Det trenger vi også nå. Melodien er en tango sprekkfull av varme, energi og trass. Igjen møter vi sola og morgenrøden som bilder som peker på påskens mysterium.

1 Fordi han kom og var som morgenrøden  
og brøt Guds taushet og vår angst for døden,  
fordi han gjennom handlinger og taler  
har lukket porten opp til Himlens saler,  
fordi han var Guds sønn og en av våre  
og gikk omkring i gater og i gårder  
fordi han lot de siste bli de første  
og lot de blinde se og småfolk trøste,  
*Omkved*

2 Fordi han jaget kremmere fra templet  
og innbød dem de fromme hadde stemplet,  
fordi han lo når barna sang og danset  
og spredte liv som prester ikke sanset,  
fordi han tømte kalken uten klage  
og måtte gallen fra vår ondskap smake,  
fordi han bar sitt kors og våre synder  
slik at hans død vårt nye liv forkynner,  
*Omkved*

3 Fordi en morgen så han sprenge graven  
og dødens brodd ble brutt den dag i haven,  
fordi Guds budskap om ham ikke stanser,  
men bryter ut i sanger, ord og danser,  
fordi hans Ånd får hjertet til å smelte,  
og med et pust får murer til å velte,  
fordi han Ånd får gamle til å drømme,  
gir unge syner om at liv kan strømme,

*Omkved*  
så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp mot solen stige,  
så kan vi se at kommet er Guds rike  
så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp mot solen stige.  
Gud er hos oss.

God påske!

*Mvh Vikarprest Trygve*

# Palmer, pengar og pine

AV SIGRUN SØRENGEN

## SIGER OG TRIUMF

I det gamle Midtausten reid leiarane på hest når dei skulle ut og krige, men nytta esel om dei kom i fredeleg ærend.

Jesus sat på eit esel ved inntoget i Jerusalem, og folket helsa han velkomen med jubel, hosiannarop og svingande palmegreiner, slik bruken var når ein sigerherre kom heim.



Han kunne nok ha brukt hest.

## PALMEGREINER VAR TEGNET PÅ SIGER

Kva slag palme dei brukte til å vifte med er ikkje så godt å seia, men mykje tyder på at det kunne vore nordafrikansk daddelpalme. Frå modne dadlar pressa dei ut søt saft som dei gjorde ein slags søt sirup av, ofte kalla honning(!), til ein drikk som var svært omtykt, sidan sukker på den tida var ukjent.

Daddelfrøa var elles god mat for husdyr, og av greinene kunne dei byggje hytter. Fibrane frå stamma kunne vevast inn i reip, korgar og sandalar.



## KVALITETSTEIKN

Palma er det einaste treet der veksten går føre seg frå hjartet og utover. Den ytre stamma er det eldste og hardaste treet, medan kjerna er nyast og mjukast.

Mange tre kan sjå frodige ut, sjølv om dei er rotne inni – men slik er det ikkje med palma. Der er kjerna alltid frisk og sunn...

Rettferda spirer i takt med eit sunt hjarte, heiter det visst. Korleis det såg ut inni hjartet til Judas kan ein vel lure på, han som var sjølv skurken i påskedramaet. Glad i pengar var han vel, ettersom han både stal av felleskassa og selde Jesus for tredve sølvpenar.




**Arne Garborg** har skrive noko om pengar i ei av dei eldste utgåvene av Austlids lesebok.

Per Halse seier dette er eit godt døme på at det før i tida vart laga kvalitetstekster til nye skulebøker, og denne meiner han vart prenta i byrjinga av 1900-talet.

*«Ein kan kjøpe seg mat, men ingen mathug,  
dropar, men ingen helse,  
lærdom, men ikkje vit,  
glans, men ikkje hygge,  
kameratar, men ikkje venskap,  
tenarar, men ikkje truskap,  
gråe hår, men ikkje ære,  
rolege dagar, men ikkje fred.»*

*Skalet av alle ting kan ein få for pengar. Men ikkje kjernen; den er ikkje for pengar fal.»*



Dette hadde nok ikkje Judas skjønt den gongen han var på farten, men seinare fekk han det stritt. Angeren pinte han så sterkt at han gjekk bort og hengde seg.

Det var elles andre og som hadde ting å angre på den gongen. Peter gret sine bitre tårer då hanen gol og minte han på kven han nett hadde fornekta, ikkje berre ein gong – men tre!

**Hieronimus Bosch**, kunstmålar, fødd ca 1450 i Nederland, har framstilt påsketemaet på sin eigen måte. Han var opp-



teken av moralske og religiøse motiv, og måla ofte på eit surrealistisk sett.

Til tross for at temaet er Jesus som ber krossen sin – plassert midt i biletet – så er det ikkje han dei fleste kikkar på. Hyklarane har samla seg så tett saman at ein ikkje ser omgivnadene, berre ei mengd med hovud, og dei rettar blikket rett fram eller på kvarandre medan dei geiper, flirer og ler, som om dei endeleg har fått høve til å få gje uttrykk for undertrykt lått.

Vondskapen og styggedomen som fløymer ut her, utgjer ein tydeleg kontrast mot dei harmoniske andleta til Jesus med krossen og Veronica med sveitteduken.

Dei to let seg ikkje påvirke av uroa og den pressa stemninga, ettersom dei skil seg ut med glatte, lyse og fine andlet. Blikket vender dei ned og viser nærmast ei slags yoga-arta ro.

Veronica var ho som turka sveitten av panna til Jesus på tur til Golgata, med det resultatet at avtrykket av andletet hans vart ståande att på duken. Dette er synleg nedast til venstre.

I øvste rekkja - nest lengst til høgre finn vi ein mann, svært grå og med tynt skjegg, kanskje tyder den grå fargen på anger. To stygge fjes vender seg mot han, gjer narr, og den eine legg armen om han og peikar finger. Det kan sjå ut til at det er Peter som får gjennomgå her.

Går vi lengst ned til høgre, står det og ein stakkarsleg, tannlaus mann, som blir plaga av dei rundt. Om ein ser på bandet rundt halsen hans, er det tydeleg eit reip som peikar fram til det som seinare hende med Judas.

### HOVUDPERSONEN

Då er tre namngjevne personar sett i kvar si krå, og eit hjørne står då att. Der finn vi enden på krossen. Fylgjer vi lina frå den og ned til Judas, råkar vi Jesus på midtvegen. Like eins går det om vi let auga gå i diagonal frå Peter og ned til Veronica.

Båe linene møtest i midtpunktet  
– og akkurat der er Jesus – hovudpersonen!  
Så vart det ein viss orden i mylderet likevel.

Peter si skuldkjensle og Judas' sjølv-mord er hendingar som gjekk føre seg innan langfredagen. Ein kan tenkje seg at Bosch ikkje fokuserte på kronologien, men gjorde ei simultanframstilling, der fleire hendingar blir vist samstundes.

Peter og Judas er ikkje heilt akseptable til stovebruk etter som dei sveik Jesus i tur og orden, men Hieronimus Boschi meinte kanskje dei ikkje er heilt håplause heller, fordi dei angra seg etterpå. Difor har han ikkje avbilda dei like nådelause som hyklarane, men heller ikkje like fint som Jesus og Veronica.

# 4-årsbok, dåp og hausttakkefest i Røn



Det skjedde mykje i Røn kyrkje søndag 25. september. Det var utdeling av 4-årsboka, barnedåp og hausttakkefest.

Det vart ei trivelig stund i ei haustpynta kyrkje i Røn, godt leia av prest Tygve Rø.

Det var 8 flotte 4-åringar som fekk bok med arbeidshefte frå trusopplærar Geir. Dåpsbarnet blei døypt av ei stødig hand frå presten, med 4-åringane som nysgjerrige tilskodarar, og jenta fekk namnet Eiril.

Messa vart avslutta med kyrkjekaffe servert av soknerådet i Røn.



# Besøk av barnehagene i kyrkja! 13. desember 2022

Rett før jul hadde vi i kyrkjestaben besøk av barnehagane til tradisjonell julevandring og kos.



*Trygve prest, Solveig med Sofie og barnehagebarn i Slidredomen.*

Tradisjonen tru hadde vi i kyrkjestaben besøk av barnehagane i år også.

I år var det litt spesielt då vi fekk med oss «levande Jesusbarn». To av dei nydøypte i haust stilte opp som Jesusbarn.

Vesle Sofie med mor Solveig og Lukas med mor Ida Marie stilte sporty opp som «stand in» for Maria og Jesus.



*Magnhild viser veg.*

Det heile starta med at barnehagane kom og ungane vart innskrivne i manntallet, for så å få på seg kostyme og delta i sjølve spelet. Borna vart leidde gjennom juleevangeliet saman med oss i staben og innimellom sang vi kjende songar.

Det heile vart avslutta med lunsj og pepparkaker. Tusen takk for besøket og for ei triveleg stund i lag med dykk!



*Trygve skriv alle inn i manntalet.*



*Ida Marie og Lukas som midtpunkt i Røn kyrkje saman med ungar frå barnehagen, barnehagetilsette og kyrkjestab.*



# Valdres i 1000 år 2023

Snorre fortel at kristendomen kom til Valdres ved tvang og list. Olav Haraldsson skal ha teke seg over fjellet frå Lærdal hausten 1023, og samla folket til ting. Der baud han dei kristendomen, men dei tok ikkje imot. Om natta lét han gardane på andre sida av fjorden rane og brenne. Då bad bøndene om fred og fekk grid. Snorre er både konkret i omtala og omtrentleg med fakta.

Den brutale historia er det ingen grunn til å feire. Me veit at Olav døydde i slaget ved Stiklestad i 1030 og at han seinare vart helgen. Men det som er mest spennande for oss som skal organisere 1000-årsfeiringa i Valdres er kva dette hadde å seia for Noreg og Valdres i åra etterpå og fram til i dag.

Kva for endringar skjedde i samfunnet for 1000 år siden med kristenretten som Olav hadde med seg og med organiseringa av Noreg? Korleis endra dette korleis folk tenkte, og ikkje minst: kva utfordringar står me overfor i den brytningstida me lever i no? Me håpar at det å bli kjend med fortida, både det som var kritikkverdige og det som var av det gode, kan gje innspel til korleis me byggjer gode lokalsamfunn som gjer Valdres til ein god stad å leva. Dette må me stå saman om, både dei med lange røter i Valdres, og dei som seinare har flytt til. Det inneber òg flyktingar som har funne sin plass i Valdres.

Me har henta inspirasjon frå verdigrunnlaget som er sett opp frå Nasjonaljubileet:

- Korleis skaper me eit felleskap som både toler og verdset ulikskap?
- Finst det verdigrunnlag som er ufråvikeleg?
- Korleis forstår og definerer me oss sjølve i møte med andre?
- Kva tek me med oss frå fortida og kva leverer me vidare?
- Korleis formar me eit samfunn i spenning mellom tradisjon og fornying?

Prosjektet Valdres i 1000 år støttar arrangement som markerer jubileet og som har i seg jubileets verdigrunnlag. Dei vil òg kunna bruke logoen som er laga til 1000-årsfeiringa. Me vil gjerne høyre frå dei som har gode idear som dei kunne tenkje seg å realisere. Me ynskjer oss spennande møteplassar, og me har fått noko pengar så me kan støtte fleire arrangement.

Styringsgruppa er prost Carl Philip Weisser, Ingebjørg Moe frå Valdres historielag, Ove Ekerbakke frå

Øystre Slidre kyrkjekontor, Katharina Sparstad frå Valdres natur- og kulturpark, Ole Aastad Bråten frå Valdresmusea, Geir Kongslie frå Vestre Slidre kyrkjekontor, Aud-Karin Hovi frå Nord-Aurdal kyrkjekontor og Eivind Brenna.

Starten på feiringa skjedde allereie ved nyttårsleite. Då vart Olavflamma, som vart kveikt på Stiklestad, teken til Valdres. På Kvithøvd, høgste punktet på åsen mellom Vestre og Øystre Slidre, vart elden gjeven frå presten i Øystre til presten i Vestre Slidre. Så vart han teken med til museet på Fagernes, der han blir teken vare på og brenn heile jubileumsåret.

Det blir markeringar og arrangement gjennom heile året. På Valdres Folkemuseum var det den 9. februar eit særst interessant seminar med tittelen «Valdres for 1000 år sidan». Ein fullsett sal fekk spennande djupdykk i historia frå mange dyktige fagfolk. Planen er å gje ut foredrag i bokform.

I februar gjekk foredragsserien «Grønt håp» av stabelen tre torsdagskveldar i Hegge kyrkjestogo. Her samarbeidde Naturvernforbundet i Valdres og kyrkja i Øystre Slidre.

## På programmet framover:

### *1. – 30. april*

ARV. Smykkeutstilling i Høre Stavkyrkje. Gullsmed og smykkedesignar Reidun Breistig har laga ei utstilling av smykker knytt til si kristne tru, og tilpassa og inspirert av Høre Stavkyrkje. Utstillinga opnar laurdag 1. april kl. 12.00. Utstillinga vil vere open når det er gudstenester i kyrkja, samt i helgene frå kl. 12.00-16.00.

### *Laurdag 6. mai*

Relansering av Kyrkjepasset for Valdres. Det er eit lite hefte med bilete og informasjon om alle kyrkjene i Valdres. Ved alle 33 kyrkjene er det ei kasse med stempel. Her kan du reise rundt og oppleva dei flotte kyrkjene og samle stempel. Når du har vore ved dei 8 middelalderkyrkjene kan du få ein liten premie frå turist- eller kyrkjekontora. Har du stempel frå alle kyrkjene, blir du med på trekking av ein kunstbibel ved slutten av året.

«Bilgrimstur». Prosten inviterer til rundreise med avreise frå Fagernes til eit utval kyrkjer i Valdres. Middag undervegs. Påmelding.

### *Laurdag 13. mai*

Opning av Kulturstøga i Øye – nytt velkomstbygg knytt til Øye stavkyrkje. Utstilling om m.a. Olav Haraldsson.

### *23. juni – 3. juli*

Pilegrimsvandring Hedalen stavkyrkje til Sankt Tomas-kyrkja i Vang. Vandringa frå Røn til Slidre 28. juni er open for alle.



## Sundag 2. juli

Messe ved Fystrokyrkja

## 26 – 29. juli

«På sporet av Heilag Olav si ferd gjennom Valdres 2023». Pilegrimsvandring frå Nysetstølen i Etnedal til Slidredomen.

## 29. juli

Tre overnattingar. Fjellprest Eli Vatn planlegg saman med ein eigen komite frå sokneråda langs ruta. For påmelding; ta kontakt med Eli Vatn, e-post: [ev896@kyrkja.no](mailto:ev896@kyrkja.no)

## Laurdag 29. juli

Olsokfeiring og felles hovudmarkering ved Slidredomen. Arrangement ved Tingsteinen i Slidre. Ansvarleg: Historielaget i Slidre.

Økumenisk fredsgudstenest i Slidredomen. Biskop, tidlegare og noverande Valdres-prestar og representantar for ulike trussamfunn.

Olsokfeiring og folkefest etter messa. Servering, underhaldning og helsingar.

## Laurdag 29. juli.

Olsokgudstenest i Reinli.

## Sundag 30.7.23.

Olsokmesse i Lomen stavkyrkje. Olsokmesser og stølsmesser fleire stader i Valdres.

## 23. august

Spelstykke på tingplassen ved Leinesanden. V/Vang historielag.

## 27. august

Kongeveg-vandring frå Olavskjelda på Breidablikk til Leirskogen kyrkje med konserten: «Som en kilde klar og ren». Sør-Aurdal historielag og kyrkja i Sør-Aurdal.

## August

Volbu, kultursti og kyrkjemuseum.

## 2 – 3 september

Saltvegen over Filefjell. Vandring i samarbeid med Ragnar Eltun, Vang kommune, VNK og DNT.

## September

- Grubleseminar i Slidredomen.
- Ungdom om ytringsfridom i eit kunstprosjekt. Nord-Aurdal kommune er arrangør.
- Musikk i 1000 år. Eit samarbeidsprosjekt med fylket, NAK, Hilme, Sommersymfoni, Valdres i 1000 år
- Ungdommens hærpil til Valdres
- Skulefokus på Valdres i 1000 år: «Olavskjelder i Valdres?»

## Vår/haust-23

Ung i debatten.

Fleire arrangement vil koma til etter kvart, følg med!

Eivind Brenna og Carl Philip Weisser

*Til nynorsk ved Eivind Ødegård*

## Gåver til kyrkjebladet i 2022

Totalt innkome: kr. 28629,32, derav kr. 1578,82 i kollekt. Tusen takk for gåver!

Nils O Rogn  
Knut Oddvar Berglid  
Nils Dokkehaugen  
Anne Marie Gustavsen  
Ingebjørg Fosheim Berg  
Anne Lise Hamre Husby  
Sigrid Marie Bråten  
Eivind Sæteren  
Marit Anny Løken  
Oddrun Kverneggen  
Astrid og Olga Bråten  
Marit og Olle Rosendal  
Britt R Wikerholmen  
Leif Bergheim  
Dorthe Marie Høyme  
Gunnar Breivik  
Kristin og Olav Riste  
Johanna Fuglesteg og Sigbjørn Ødegård  
Randi Reishaugen  
Sigrid Rognes  
Ruth og Odd Steinar Kirkengen  
Astrid og Nils Anmarkrud  
Astrid og Ola Nordli  
Kari og Per Johnsen  
Gunnar Hauge  
Martha og Nils Rogn  
Margit Bratvold  
Ola Egge  
Rigmor og Aslag Hamre  
Marit og Nils Moen  
Hilde Nybråten og Are Berg  
Kari Volden  
Kari og Ivar Ringestad  
Berit Garvik  
Torstein Bunde Loe  
Per Odd Moe

Anne Grethe og Ola Magne Solberg  
Trine og Odd Kolbjørnshus  
Marit Høyme Tørstad  
Odd Jørgen Sørensen  
Øyvind Magistad Berge  
Jon Magnus Hjelle  
Kari og Egil Rogn  
Marit Skrindrud  
Ruth Marie Røn  
Anders Hesbø Eek  
Ingebjørg og Magne Moe  
Eli-Janne og Per Einang  
Marit E Viste  
Olaug Søbøen Nilsen  
Ragnhild Myrheim  
Anne Rogndokken  
Johannes Hålien  
Gerd og Olav Birger Ødegård  
Anna Tande  
Gerd Nanti Vika Helle  
Anne Berit Strømmen Strand  
Andris Tuvmarken  
Oddny og Bjørn Røn  
Kjell Volden  
Olaug Volden Hegge  
Ragnar Johan Haga  
Åse og Torgeir Lasskogen  
Kari Torlaug Kvåle  
Solfred Leihol  
Kari Robøle  
Annvor Kvale  
Solveig og Ivar Hamre  
Ole Sigurd Skaran  
Oddbjørg Ulvestad  
Nils Dokkehaugen  
Ola Riste  
Marit og Eivind Riste

Ole Bjørn Før  
Tove og Jan M Hambro  
Helfrid og Kjell Otto Tvenge  
Oddvar Ola Thon  
Gerd Belgum  
Randi og Endre Røn  
Knut Fystro  
Annie Reidun Stee  
Torgeir Reien  
Minda Horge  
Gerd Tuvmarken  
Aud og Sigmund Lisjordet  
Olav Bjørn Øye  
Anna Ødegård  
Anna Bakken  
Inga og Gunnar Engen  
Gullik Stee  
Aslaug Batalden  
Ellen og Ola Fosheim  
Borgny Lyster  
Dagny Kjøs  
Kari og Knut Lome  
Kari Ulvsløkk Røn  
Solveig og Torstein Husaker  
Liv Aarhus  
Astrid Gerd Øygard  
Torill Viste  
Turid og Ola Berge  
Marit og Torbjørn Øygard  
Grethe og Andris Stee  
Liv Berit Kvale  
Brita Siri Nesja  
Ellen og Ola Fosheim  
Ragnhild Strømmen  
Bjørn Berg  
Anne Lise Hamre Husby  
Åse Fauske

## Lomen Mekkeklubb snart i gang!

Torsdag 13. april blir det opning av mekkeklubben på gamle Lomen Auto.

Endeleg er datoen for opninga av mekkeklubben i dei gamle lokala til Lomen Auto fastsett! Torsdag 13. april kl 16.00 og utover ettermiddag og kveld blir det snorklypping, visning av lokala, servering av pølser og kake og kulturelle innslag.

Ungdomar er spesielt velkomne, men alle andre som vil sjå det nye prosjektet til kyrkja i Vestre Slidre er sjølvsagt også hjarteleg velkomne! Prosjektet er eit samarbeid med Vestre Slidre og Vang kommune. Leiarar frå Den norske kyrkja og kommunane kjem.

Det vil bli sett opp bussar frå både Vestre Slidre og Vang etter skuletid; meir informasjon om dette kjem på skulane etterkvart.

Håpar at alle som er interesserte i dette møter opp! Velkomen!

Er du ein av dei som kunne tenkje deg og være med og bidra på mekkeklubb, ta kontakt med kyrkjekontoret i Vestre Slidre ved Geir Kongslie tlf 92887778 eller e-post: [gk662@kyrkja.no](mailto:gk662@kyrkja.no)

# Tid til ettertanke



Små og store ukrainarar samla seg i Slidredomen 24. februar.

24. februar var det eit år sidan Russland invaderte Ukraina. Slidredomen var open ein time. Klokkene i tårnet ringde så sterkt, himmelen var blå, kyrkja mektig.

Trygve prest og Jovita organist har hjarte for mange og får med seg folk. Haldor, ordføreren vår, heldt appell. «Musikken Jovita spelte ga rom for ettertanke. La dei eldre sleppe å grav - legge framtida.»



Jovita, Kateryna og Trygve gav oss viktige tonar og ord.

Kateryna Marstaler, lærar i bygda, fødd i Ukraina, takka varmt for all støtte frå kommunen og lokalbefolkninga.

For fyrste gong vart det snakka ukrainsk frå lese-pulten i Slidredomen, for fyrste gong vart det ukrainske flagget bretta ut i kyrkjerommet i Slidre.

Me tenner lys framme i koret, og ser korleis ukrainarane i bygda bøygjer hovudet framfor altaret. Den same himmel, den same Gud.

*Johanna Fuglesteg*



Tid til ettertanke, Haldor let seg inspirere av spelet til Jovita.

## Appell i Slidredomen 24. februar

*Eit år har gått sidan Russland gjekk til eit meiningslaust angrep på Ukraina. Verda over kom det sjokkmelding om det brutale angrepet. Dagen i dag er ein dag for å samlast i solidaritet og ettertanke.*

*Det utenkelege hadde skjedd, og Europa var på ny på veg inn i ein krig. Russland, verdens største land, prøvde å ta sitt naboland med makt. Etter andre verdskrig sa alle land: Dette skal ikkje skje på ny, vi må ha fred. Verden over har alle eit håp om fred i Ukraina, men Putin har ikkje gjeve freden ein sjanse.*

*Det heile starta i 2014 med Russlands innvadering av Krim. Men, det var i 2022 den største offensiven kom og krigen eskalerte. Krig er meiningslaust, krig er forakt for liv og krig er der dei gamle må gravlegge sine unge.*

*Alle har beundra motet til det Ukrainske folk. Det har nesten vore uverkeleg at Ukraina har*

*klart å stå mot eit slikt angrep. Verda har prøvd å støtte opp om Ukraina, men den store påkjenninga har det Ukrainske folk stått i. Gje dei styrke og mot til å forsvare landet sitt. For Ukraina er det berre eit akseptabelt utfall av dette: Ukraina som eit fritt og sjølvstendig land.*

*Det største tapet har dei unge i Ukraina, dei som har heile livet framfor seg, men får med seg ein tung ryggsekk i livet, med traume, smerte og redsel.*

*La krigen få ein snarleg slutt, la dei unge få att liva sine, la dei som ligg i fronten av krigen bytte våpen med familieliv, la dei eldre sleppe å gravlegge si familieframtid og la oss leve i fred det korte livet den enkelte er på jorda. Vis solidaritet med det Ukrainske folk.*

*Give peace a chance song John Lennon i 1969. Gje freden ein sjanse. Det er dessverre like aktuelt i 2023.*

*Russland, trekk militære styrkar ut av Ukraina. Gi freden ein sjanse.*

*Slava Ukraini – Ære til Ukraina*

Haldor Ødegård, ordførar i Vestre Slidre

## Reknskap kyrkjebladet 2022

### Utgifter:

Oppsett av bladet og trykking:	40 700,00
Utkjøring av blad:	4000,00
Bilde av konfirmanter	600,00
Moms	10 325,00
Avsetjing av bundne fond	1 629,32
Sum utgifter	57 254,32

### Inntekter:

Momskompensasjon	10 325,00
Annonseinntekter	18 000,00
Private gåver	27 350,50
Kollekt	1 578,82
Sum inntekter	57 254,32
<b>Sum reknskap</b>	<b>0,-</b>

NB. Utgift for 2 stk utkøyringar, totalt 8000, er ikkje med i reknskapet då det blir ført i 2023. Bruk av fondsmidlar på 1629,32 pluss desse 8000,- gjer eit reelt underskot på 9 629,32. Det betyr at vi treng fleire private gåver gjennom eit år for å gå i 0,-. Fondsmidlar no er 15 130, 44.

# – *til ære og prydnad*

## Bispekåpa for Hamar biskop

«Og du skal laga heilage klede til bror din Aron, til ære og prydnad.» (2. mos. 28,2)

Slik byrjar teksten i eit lite hefte av Kåre Hosar om bispekåpa til biskopen på Hamar. Teksten frå 2. mosebok held fram med ei detaljert skildring av korleis desse heilage kleda skal sjå ut og kva dei skal lagast av. Bibelteksten fortel oss at prestskapet skulle vera spesielle og ekstra synlege (og opphøgde) gjennom klesdrakta dei bar.

Dei liturgiske kleda som blir brukte i den norske kyrkja i dag, har opphav frå antikken, vanleg klesdrakt frå romartida vart etterkvart til liturgiske klede i ein langvarig, tilfeldig tradisjon. I dag er det strengt regulert korleis albaen, prestekjolen, skal sjå ut, ned til minste detalj om stoff og snitt.

Dei liturgiske draktene alba, stola og messehaketel blir brukte når ein prest eller biskop gjennomfører ei gudsteneste. Teikn på vørnaden som fylgjer med eit embete er ei anna sak, dei to offisielle vørnadsteikna til norske biskopar er bispekorset av gull og bispekåpa. Desse er det berre biskopen som skal bruke.

Hamar bispedømmeråd vedtok at det skulle lagast ny bispekåpe, og det vart utlyst ei open konkurranse hausten 2005. Det kom inn 20 forslag, og den oppnemnde juryen valde forslaget frå Borgny Farstad Svalastog.

Kåpa er laga av kvit ull, stoffet er handvove av spesialspunne garn. Broderia er av silke, gull og sylv, i tillegg er det sydd på ei mengde perler. Broderia er delvis på sjølve kåpa, men mest på stolpen langs framkanten over nakken og på ryggskjoldet og spennet.

Marit Somby har vove stoffet og brodert på kåpa, medan stolpane, ryggskjoldet og spennet er broderte av kunstnaren sjølv.



*Spennet på bispekåpa for Hamar biskop.*

*Foto: Kirsti Hovde*

Borgny Farstad Svalastog valde å arbeide med temaet pilegrimsvandring. Denne vandringa har to sider; den lokale og den globale. Den lokale gjennom Hamar bispedømme til Nidaros, og den globale til dei store pilegrimsmåla i den kristne verda.

På bispekåpa er pilegrimsvandringa i verda skildra på den høgre sida og den lokale på den venstre sida. I tillegg skildrar den venstre sida Jesus som menneske, den høgre sida er Jesu guddommelege side. Dei to pilegrimstradisjonane møtest i Nidaros.

Ryggskjoldet er opphavelig ei hette som har fått forenkla form og ein rik dekor. Sett bakfrå er det skjoldet som fyrst og fremst gjer at bispekåpa skil seg frå ein messehaketel.

Kjeda og pilegrimsvandringa som går rundt heile kåpa held fram rundt kanten av skjoldet, men er her kanta med perler.



*Framsida av kåpa med brodert pilegrimsvandring på stolpane. Foto: Kirsti Hovde*



*Baksida av kåpa med ryggskjoldet og «vatnet» som spreier seg utover. Foto: Kirsti Hovde*

Sjølve skjoldet viser lammet som står på kyrkja med dei fire bogane det renn vatn frå. Over lammet kjem Guds hand. Det er domkyrkjeruinane som er gjeve att, med Mjøsa og mjøsstrendene i bakgrunnen. Ein stolpe opp mot himmelen er med å danne ein kross, det sterkaste trussymbolet og det viktigaste av alle kristne symbol.

Frå dei fire bogane renn det vatn, det levande vatnet frå dei fire evangelieelvane. Dette levande vatnet held fram nedover kåpa og spreier seg utover bispedømmet, her representert med Valdres ved at element frå stavkyrkjeportalen i Hedalen er attgjeve.

På spennet som held kåpa saman er det brukt eit anna

sterkt kristent symbol, Guds lam framstilt som den sigrende Kristus.

Så mykje fantastisk handarbeid, så gjennomtenkt symbolbruk, eit kunstverk!

Kanskje me får sjå kåpa 29. juli når biskop Ole Kristian Bonden kjem til Slidre?

***Johanna Fuglesteg***

**Kjelde:**

Kåre Hosar: «til ære og pryd» Bipekåpe for Hamar biskop Attgjeve med løyve frå bispedømmet.

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

Desember 2022– februar 2023

Jordfesta	<b>Lomen sokn:</b>	09.12.22	Per Ingar Lyngstad	f. 1945
		20.01.23	Gerda Kristi Aanonsen	f. 1938
	<b>Slidre sokn:</b>	02.12.22	Trine Geicke Kolbjørnshus	f. 1956
		30.12.22	Turid Tvenge	f. 1964
		09.02.23	Anne Grethe Kildal	f. 1947
	<b>Røn sokn:</b>	10.02.23	Martha Rogn	f. 1931
		15.12.22	Ragnhild Strømmen	f. 1940
		30.12.22	Solveig Elise Hagen	f. 1941
		12.01.23	Odd Jørgen Sørensen	f. 1943
		02.02.23	Barbo Sire Thon	f. 1944
Døypte	<b>Slidre sokn:</b>	04.12.22	Birk Grøtberg Totlandsdal (bur i Snerthingdal)	
		29.01.23	Magnus Bråten	
	<b>Røn sokn:</b>	22.01.23	Hillevi Tveit Ulven (døpt i Høre stavkyrkje)	
		26.02.23	Arne Lundås (bur i Trondheim)	
Vigsla	<b>Slidre sokn:</b>	23.02.23	Tina Storhaug Tvenge og Kenneth Andre Volden (bur i Nord Aurdal)	

## Soknerådsvæl

10. og 11. september er det kommuneval og kyrkjeval.  
Listene blir lagt ut! Bruk stemmeretten din.

## Bladet du les i ...

Kyrkjebladet blir drive på friviljug basis, og er den einaste lokale publikasjonen som blir delt ut til alle husstandar i Vestre Slidre (!) 1100 blad blir trykt opp ved kvar utsending. Trykk og utkøyring gjev tilsaman ein pris på omlag kroner 17 per blad. Annonseinntektene dekkjer ein liten del av denne summen.

For å halde fram med å laga kyrkjeblad i same omfang og kvalitet, treng me støtte frå dykk!

Me legg ved giro i denne utgåva, og er takksame for alle summar, små og store!

Kontonummeret vårt er 2153 07 09296. Merk gjerne med «Kyrkjeblad»

### Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

### Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

## Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leirar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: [torgeirforsminne@yahoo.no](mailto:torgeirforsminne@yahoo.no)

# MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.  
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

Dato	Dag	Tid	Stad
<b>APRIL</b>			
02.04.23	Palmesundag		Lomen
06.04.23	Skjærtorsdag	12.00	Sekskanten, Vaset
07.04.23	Langfredag	19.00	Slidredomen
09.04.23	1. påskedag	12.00	Slidredomen
10.04.23	2. påskedag	11.00	Sjukeheimen
16.04.23	2. s i påsketida		Frihelg
23.04.23	3. s i påsketida	11.00	Røn
30.04.23	4. s i påsketida	11.00	Lomen
<b>MAI</b>			
01.05.23	Måndag 1. mai	11.00	Røn
07.05.23	5. s i påsketida	19.30	Lomen
14.05.23	6. s i påsketida	11.00	Slidredomen, vårprismesse, tårnagentar
17.05.23	Nasjonaldagen	09.45	Slidredomen
17.05.23	_____»_____	11.30	Røn
18.05.23	Kristi himmelfart	11.00	Lomen
21.05.23	Sundag før pinse		Frihelg
27.05.23	Pinseaftan	11.00	Slidredomen, konfirmasjon
27.05.23	Pinseaftan	13.00	Lomen, konfirmasjon
28.05.23	1. pinsedag	11.00	Røn, konfirmasjon
29.05.23	2. pinsedag	11.00	Sjukeheimen
<b>JUNI</b>			
04.06.23	Treeiningssundag	11.00	Slidredomen
11.06.23	2. s i treeiningstida		Frihelg
18.06.23	3. s i treeiningstida	11.00	Lomen
24.06.23	Pilegrimsmesse	19.00	Slidredomen, jonsok
25.06.23	4. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen
<b>JULI</b>			
02.07.23	5. s i treeiningstida	11.00	Røn, Fystro
09.07.23	Aposteldagen		Frihelg
16.07.23	7. s i treeiningstida	11.00	Syndinstøga
23.07.23	8. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen
29.07.23	Olsok	Sjå «Valdres»	Slidredomen, 1000-årsjubileum
30.07.23	9. s i treeiningstida	11.00	Lomen stavkyrkje
<b>AUGUST</b>			
06.08.23	10. s i treeiningstida	11.00	Vasetstølen
13.08.23	11. s i treeiningstida		Frihelg
20.08.23	12. s i treeiningstida	11.00	Lomen, 6-årsbok/skulestartsgudsteneste
27.08.23	13. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen, gullkonfirmantar

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kven takkofferet går til.

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå måndag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.  
Det vil vere stengt innimellom pga møter, kurs og befarung – prøv oss då pr. telefon.

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Trygve Rø	47840438	Sokneprest	tr272@kirken.no
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjevevje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslie	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Sofia Bergheim	48624468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Reinhaldar i alle sokna	johfugl@gmail.com
Josue Tchami Ndonko	46902865	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	jndontcha@gmail.com
Jan Ole Bråten	91364677	Klokkar i Slidre sokn	j-ole-b@n2u.no
Einar Lome	99310408	Kyrkjetenar ved gudsteneste i Slidre sokn	einar.lome@hotmail.com
Margit Bratvold	93043323	Ringjar i Slidre	
		Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	
		Kom. valt repr. i fellestrådet	

**NB! Veslemøy og Geir har fått nye telefonnummer – desse gjeld både på kontoret og når vi er på jobb utanom kontoret! Privatnummera våre blir ikkje lengre brukt i jobbsamheng!**

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



## God påske!

Helsing frå oss i redaksjonen

Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Anne Karin Ruud Truberg og Per Olav Eide

E-post til Kyrkjebladet: [vskyrkjeblad@gmail.com](mailto:vskyrkjeblad@gmail.com).

Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!



		<b>Valdres Motor &amp; Bilskade AS Ryfoss</b> Bilskader – Leiebiler – BMW Service
	<b>Brødrene Snortheimsmoen</b> Gravung – Transport – Mobilkusing 2960 Røn Tlf.: 957 26 310 – 917 92 750	Tenk sikkerhet, bruk fagfolk <b>Vestre Slidre EI-installasjon A/S</b> Tlf.: 61 34 32 90    elektriker-slidre.no
		<b>Ønsker du annonseplass her?</b> Ta kontakt med kyrkjekontoret: <a href="mailto:vk766@kyrkja.no">vk766@kyrkja.no</a>

Takk til alle annonsører for støtte av distribusjon av bladet vårt!